



## Notat

Dato: 24.05.2019  
Arkivsak: 2018/16397-8  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om nedlegging av tilbod ved Kvinnherad vgs

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Benthe Bondhus (Sp), om justering av tilbodsstrukturen 2019/20, per e-post, datert 24.5.2019.

#### **1. Har ein i vurderingane i forslag til nedlegging hensynteke at det er auke i tilstrøying av mindreårige minoritetsspråklege elevar?**

I sak om tilbodsstruktur om hausten er forventa tal elevar lagt til grunn for dimensjonering av utlysing av tilbod for komande skuleår. I dette ligg mellom anna forventa elevar til innføringstilbod.

Til skuleåret 2019/20 var det ein nedgang i søkjartalet til innføringskurs for minoritetsspråklege elevar frå 166 til 98 elevar. Det var venta at talet på søkjarar til dette tilbodet ville gå ned til komande skuleår. Likevel var det overraskande at talet nesten vart halvvert. Dette skuldast sjølvstapt at det er langt færre flyktningar/asylsøkjarar som kjem til Noreg no i høve til 2015/2016.

#### **2. Kor mange av desse elevane (minoritetsspråklege) går inneverande år på KVV Vg1, service og samferdsel?**

Ved Kvinnherad vgs er det skuleåret 2018/19 fem minoritetsspråklege elevar som går Vg1 Service og samferdsel.

#### **3. Ufrivillig hybelliv kan få negative konsekvensar. Ei sårbar elevgruppe står i fare for å mista skuletilbodet i nærmiljøet. Er konsekvensen for dette vurdert?**

I det kontinuerlege arbeidet med inntaket som leiar fram til politisk sak om justering av opplæringstilbodet, blir det gjort ei vurdering av moglege konsekvensar av nedlegging av tilbod.

Til Vg1 SS ved Kvinnherad vgs er det til skuleåret 2019/20 tre minoritetsspråklege søkjarar. Desse elevane har dette tilbodet som høvesvis tredje-, fjerde- og niandeønskje. Desse elevane vil få tilbod om plass på eit høgare rangert ønskje.

**4. I saka står det at det er 9 primærsøkjarar til Vg1 Service og samferdsel med ungdomsrett til 15 elevplassar. Er det her nøye vurdert at distriktskulane kan ha mindre oppfyltingsprosent (85%) når alternativet kan vera ufrivillig hybelliv?**

Ein av søkjarane til Vg1 SS har omprioritert, og det var ved siste teljing åtte primærsøkjarar til tilbodet.

Fylkesrådmannen er opptatt av at skulane utanfor Bergensområdet også skal ha eit breitt og fagleg godt utdanningstilbod. I arbeidet fram mot justeringssaka gjer fylkesrådmannen fleire vurderingar og konsekvensanalysar av moglege nedleggingar av tilbod.

Når det gjeld SS ved Kvinnherad konkret har utdanningsprogrammet over fleire år hatt låge søkjartal, og stort sett har det vore slik at skulen har tilbydd Vg1 og Vg2 annakvart år. Dei fleste av primærsøkjarane er søkjarar frå Kvinnherad som i stor grad har søkt alternative utdanningsprogram ved Kvinnherad vgs.

Når eit tilbod blir lagt ned får elevane moglegheit til å omprioritere søknaden sin, t.d. til eit anna tilbod ved same skule.